



Elin Flindt syner fram nokre av dei 18 innramma bileta på utstillinga.

Det vert gjort klart til museumsdag på Bygdetunet Rød på søndag. Kunstnaren Elin Flindt saman med mannen Rolf Ryttevad monterer utstillinga i kveld.

Utstillinga er sett saman av 18 større innramma bilete. I tillegg kjem uinnramma motiv i mappe. Mange av motiva er frå Kvinnherad, også frå Rød og Bøkkerverkstaden. Motorskøyta FORTUNA til Runar Myklebust og Arne Møller er alt malt som akvarell. Motivet er henta frå Rødsvågen.

Utstillinga er ein del av den årlege museumsdagen på Bygdetunet Rød. Det er ein salsutstilling og alle vert oppmoda om å møte fram på søndag mellom kl. 14 og 17. Elin Flindt og Rolf Ryttevad har restaurert husmannsplassen Bakken på Løfallstrand som eit kulturminne i Kvinnherad. Plassen vert brukt som feriebustad og galleri.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal